



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd 7.mai 2025

Tilstades:

Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordahl, Toril Lange, Inger Cecilie Fitje.

Ord til opning v/ Torunn

Innkalling, sakliste og referat frå 5. mars 2025 vart godkjende

Meldingssaker:

07/25: Sidan sist:

- Gudsteneste 9. mars; ca 90 tilstades – dåp og deltakarar på Mariahelg
- Gudsteneste 6. april; 18 tilstades - Konfirmantane deltok med info om fasteaksjonen
- 17. april (påskemåltidet) 16 tilstades – Ingen lokale bortsett frå oss som arrangerte
- 20. april (påskedag) Gudsteneste med dåp, 60-70 tilstades
- Myldresamling: 12. mars med 4 born
- 21. mars; Maki fin kveld på Alværa med 8 born frå 3.klasse og oppover. Kjekt med uteaktivitetar og taco.
- Årsfest og årsmøte: 9.april; 37 tilstades, born og vaksne – årsmøtesaker, middag, born som spelte og song i tillegg til eit lite lotteri med masse gevinstar til stor fryd for borna!
- Vårdugnad: 29. april; det var eit fæla ver den ettermiddagen, men 5 stk møtte og gjorde ein god innsats.
- Fasteaksjonen: 6.-8. april –
- Trusopplæringsutval: 22. april; ein oppsummerte alt vi har av trusopplæringstilbod i kommunen. Det må vurderast korleis ein skal løyse utfordringa med at vi manglar tilsette til dette. Det vart lufta å fx samabeide med Hyllestad, Fjaler og Askvoll.

08/25: Nytt frå fellesrådet - møte 13. mars.

- Minner om 100-årsjubileum for Ortnevik kyrkje 4.og 5. oktober i år.

Vedtakssaker:

07/25: Gudstenesteplan 2025

Planen for resten av 2025 ser slik ut:

17.mai kl 13.15 Runar Matsui-Li

15. juni Norevik kl. 17 IC og Peter. Friluftsgudsteneste på Norevik

24. august kl. 11 IC og Peter (konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantar

28. september kl 11 IC og Harald Hausttakkefest

26. oktober kl. 11 IC og Peter Minnegudsteneste

30. november kl. 19 IC og Harald. Lysmesse. Neste år er det berre 1 konfirmant i Lavik, så vi håpar å engasjere andre til å delta. Kanskje justere tidspunktet så det passar best mogeleg i fht skulemusikken sitt opplegg.

24. desember familiegudsteneste; vi kjem tilbake til kven og korleis den blir seinare.

Dersom det i tillegg kjem spørsmål/ynskje om dåp, må vi vurdere om det kan bli fx i etterkant av minnegudstenesta.

08/25: Gudstenester mai/juni/august – kyrkjevert/klokkar m.

17. mai kl. 13.15: Runar Matsui-LI Offer til Norsk kyrkje i utlandet/Sjømannsmisjonen. Torunn kyrkjevert/Toril Klokkar

29. mai: kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Maria utfordrar ungdomar til tekstlesing. Torunn bestiller rose til konfirmantane, som blir levert til Toril . Katrin utfordrar nokon frå Fjordbrass til å spele – evt ilag med organisten. Offer til Alværa.

15. juni: kl. 17.00: Friluftsgudsteneste Norevik. Bruke skulehuset viss dårleg ver. Mange er borte denne dagen, men Toril og Katrin kan i alle fall delta med noko til kyrkjekaffien. Ein vil også utfordre nokon frå bygda (Norevik) til å hjelpe til.

24. august kl. 11.00. Konfirmantpresentasjon, 50-årskonfirmantar
Torunn sender liste med namn på alle 50-årk-k. til ein av dei, og spør om dei kan avtale seg imellom om evt arr. utanom gudstenesta. Eldrun er kyrkjevert.

Vi oppdaterte lista med kyrkjevertar og klokkarar så langt vi kunne.

09/25: Aktivitetar framover

14.mai Vaskedugnad i kyrkja kl 10.30. Torunn utfordrar nokon til å delta.

14.mai Myldresamling/Bibelgjengen. Felles på Alværa kl 17.15.

23.juni Leirdag måndag. Tenker å invitere born til ein dag som kan likne på ein leirdag – med samlingsstund, leik, evt grilling for born med familieane. Varigheit fx kl 12-16 Toril og Maria jobbar vidare med dette.

12.mai Redaksjonsmøte Helgestunder – sommarnummeret

10/25: Fasteaksjonen 6.-8. april

Vedtak: Soknerådet løyver 5000 kr til fasteaksjonen.

Ymse

- **Bibelsporet** Det kom forslag om at Inger Cesilie kanskje unne oppdatere kurset sitt, og td bruke noko av det på skulane.
- **Påskemåltid** Vi har drive dette på same måte i 20 år. Siste åra det minka på deltakarar – og vi syns kanskje det blir mykje arbeid i fht deltaking, og at det hadde vore fint med noko nytt. Vi tenker at vi i god tid før neste påska vil prøve å finne eit nytt påske-opplegg – kanskje i palmehelga, meir barne/familievenleg, synge påskesongar og gå gjennom påskedagane dag for dag.
- **Vedlikehald** Gjerdet rundt kyrkjegarden og benken ved inngangsdøra treng maling.

Neste soknerådsmøte vert onsdag 20.august kl 18.

Torunn Styve, ref.